



RETNINGSLINJER –

LÆRINGSMILJØUTVALET VED HØGSKULEN I VOLDA

Retningslinjene er utarbeidde i samsvar med Lov om universiteter og høyskoler, sist endra 9. januar 2009.
Vedtekte av LMU 28. september 2010

Innhold

RETNINGSLINJER –	1
LÆRINGSMILJØUTVALET VED HØGSKULEN I VOLDA	1
1.0 Ansvar og oppgåver	2
2.0 Samansetjing	2
2.1 Funksjonsperiode	3
3.0 Aktivitatar	3
3.1 Møteaktivitet	3
3.2 Avdelingsrapportar	4
3.3 Kurs/seminar	4
3.4 Kontakt mot avdelingane - dialogmøte	4
4.0 Universell utforming	4
4.1 Det fysiske læringsmiljøet	4
4.2 Det psykiske læringsmiljøet	5
4.3 Universell utforming av undervisninga	5
5 Strategi for læringsmiljøarbeidet	5

1.0 Ansvar og oppgåver

Læringsmiljøutvalet (LMU) ved Høgskulen i Volda er oppnemnt av høgskulestyret for å bidra til å gjennomføre det som er bestemt om læringsmiljø i Lov om universiteter og høyskoler, §4-3, jf vedlegg.

LMU skal haldast orientert om og ta initiativ til innsamling av relevant informasjon som vedkjem studentane si sikkerheit, dei samla fysiske, psykiske, sosiale og velferdsmessige forholda. Utvalet skal bidra til at studentane sitt totale læringsmiljø er tilfredsstillande ved å vere eit kvalitetssikrande organ.

Pålegg og andre enkeltvedtak gjort av Arbeidstilsynet skal bli gjort kjent for LMU.

LMU er i utgangspunktet ikkje eit saksbehandlande organ, men kan vidareformidle aktuelle saker til dei rette behandlande organ og kvalitetssikre saksgangar. LMU skal etter lova, §4-3 nr. (3) haldast orientert om klager frå studentar som gjeld læringsmiljøet, og LMU kan uttale seg om slike forhold til styret.

LMU har definert tre alternative vegar studentane kan ta opp læringsmiljø saker:

1. *Gjennom Studentting (STiV):*
Studenten, eller tillitsvalt for studenten, tek opp saka med STiV eller i studentråd. Dei kan velje å ta opp saka i LMU.
2. *Følgjer linjeorganiseringa:*
Studenten tek opp saka med faglærer, som formidlar saka vidare i linja til emne-/programansvarleg, dekan eller annan aktuell tilsett ved HVO. Slike saker skal vere registrert i kvalitetssystemet.
3. *Direkte:*
Den student-tillitsvalde eller studenten sjølv tek opp saka direkte med den som måtte vere ansvarleg i det enkelte tilfellet. Dersom dette ikkje fører fram, kan ein gå vidare etter punkt 1 eller 2.

LMU skal sikre at avdelingane ved Høgskulen i Volda rutinemessig rapporterer til LMU gjennom møteverksemd og rapportsystem. Rapporteringa skal danne grunnlag for ei systematisering av LMU sitt arbeid som inngår i HVO sitt totale kvalitetssikringssystem.

Alle studentar skal vere knytte til ein tillitsvalt, som fremjar deira interesser og behov. LMU vil kvalitetssikre at tillitsvalde blir valt og får nok informasjon til å kunne ivareta vervet. STiV definerer i sine vedtekter kva studium/ emne som skal ha tillitsvalde, og sender oversikt over alle tillitsvalde til LMU innan andre møte i haustsemesteret.

LMU skal årleg rapportere om sitt arbeid til høgskulestyret. I rapporten skal det gå fram kva for tiltak som er sette i verk, samt prioriteringar av og forslag til aktuelle tiltak for betring av læringsmiljøet.

2.0 Samansetjing

§4-3 nr. (3): ” Studentene og institusjonen skal ha like mange representanter hver i utvalget. ”

LMU har følgjande samansetjing:

- 4 studentrepresentantar. Ein av desse er velferdsansvarleg i STiV.
- 1 representant for driftspersonalet
- 1 representant for studieadministrasjonen
- 1 fagleg representant
- 1 representant frå rektoratet

Ein skal oppnemne vararepresentantar. Studentrepresentantane blir oppnemnde av Studenttinget i Volda. LMU har fast oppnemnt sekretær, med tale- og forslagsrett. Studiesjef, studentrådgjevar frå Studentsamskipnaden og ein representant frå IT-kontoret har observatørstatus i LMU, med tale- og forslagsrett.

2.1 Funksjonsperiode

Funksjonstida for medlemmene i LMU er fire år med unntak for studentrepresentantane, som blir nemnde opp for eitt år. Funksjonstida er frå val (i starten av haustsemesteret) til nytt val i påfølgjande studieår.

Leiar i LMU blir valt på første møte i haustsemesteret.

§4-3 nr. (3): ” Utvalget velger hvert år leder vekselvis blant institusjonens og studentenes representanter.”

3.0 Aktivitetar

LMU bør ha 7 møte i løpet av haust- og vårsemesteret. Møteplan blir fastsett på det første møtet i haustsemesteret, jf. vedlegg 2.

3.1 Møteaktivitet

LMU ønskjer kontakt med følgjande organ/funksjonar/personar (med tale- og forslagsrett):

Rektor, høgskuledirektør og studiedirektør

LMU ynskjer løpande kontakt med leiinga ved høgskulen, avhengig av kva saker ein fokuserer på, slik at arbeidet med læringsmiljøet blir oppfatta som ei sentral sak.

Strategisk studienemnd

LMU og Studieutvalet har saker som ligg i skjæringspunktet til kvarandre. Gjensidig informasjonsutveksling mellom dei to utvala er såleis viktig.

Studentsamskipnaden for Sunnmøre

Læringsmiljøet for studentane oppfatar også studenthyblar, studenthus, barnehagar, psykososialt miljø utanfor høgskulen m.m., jf. § 4-3 nr. (1): ”Styret skal, i samarbeid med studentsamskipnadene, legge forholdene til rette for et godt studiemiljø og arbeide for å bedre studentvelferden på lærestedet.”

LMU vil difor invitere SfS v/adm. direktør og styreleiar til dialog. SfS blir oppmoda til å rapportere om planar og arbeid SfS vil setje fokus på det komande studieåret, samt orientere medlemmene i LMU om SfS generelt.

Avdelingane

For å sikre at studentane blir høyrde, vil LMU invitere to klassesjefar (med tale- og forslagsrett) i tillegg til dekan og kontorsjef til dialogmøte med avdelingane. Ein vil arbeide spesielt med dialog mot to avdelingar kvart år.

Styret i Studenttinget i Volda

LMU ønskjer eit godt samarbeid med STIV, og ønskjer difor å møte med STIV-styret.

Studentsamfunnet v/leiar og Rokken

Studentsamfunnet og Rokken er sentrale sosiale/kulturelle aktørar mot studentane. LMU ønskjer ein god dialog med desse to.

Oppsummeringsmøte i vårsemesteret

LMU oppsummerer aktiviteten i siste møte i vårsemesteret. I dette møtet utformar LMU ei skisse til årsrapport.

3.2 Avdelingsrapportar

I §4-3 nr. (4) går det fram at ” Institusjonens arbeid med læringsmiljøet skal dokumenteres og inngå som en del av institusjonens interne system for kvalitetssikring etter § 1-6.”.

LMU skal vere orientert om det som kjem fram gjennom høgskulen sitt kvalitetssystem, og følgjer opp dette mellom anna gjennom dialogmøte med avdelingane.

3.3 Kurs/seminar

LMU bør i løpet av studieåret vere representert på den årlege konferansen til Universell (nasjonal pådriver i høgare utdanning for inkluderande læringsmiljø, læringsmiljøutval og universell utforming), og elles følgje med arbeidsfeltet gjennom å delta på kurs/seminar. Dette bidreg til at LMU held seg oppdatert på andre høgskular sitt arbeid med læringsmiljøet, men ein kan også hente/utveksle informasjon, inspirasjon og idear frå/med andre læringsmiljøutval.

3.4 Kontakt mot avdelingane - dialogmøte

LMU ønskjer å bli oppdatert på situasjonen ved dei ulike avdelingane i ein syklus der ein vurderer to avdelingar pr. år. I dette arbeidet vil ein syte for ein systematisk gjennomgang av visse emne, gjennom å nytte faste spørsmål. Dette vert utgangspunkt for dialogmøte, der den aktuelle avdelinga presenterer status. Alle medlem i LMU deltek. Jf. vedlegg 3

4.0 Universell utforming

Høgskulen er pålagt Universell utforming i Universitets- og høgskulelova, §4-3 nr. (2), bokstav i.: ” at læringsmiljøet er utformet etter prinsippet om universell utforming.”

Alle studentar har lik rett til eit positivt læringsmiljø. LMU skal ”delta i planleggingen av tiltak vedrørende læringsmiljø, og nøye følge utviklingen i spørsmål som angår studentenes sikkerhet og velferd.” §4-3 nr. (3)

LMU skal vere ein pådrivar til at Høgskulen i Volda får universell utforming. Universell utforming inneber at alle studentar skal kunne delta i læringsmiljøet på eit likeverdig grunnlag. Dette tyder også tilrettelegging av det fysiske og psykiske arbeidsmiljøet for studentar med særskilte behov: §4-3 nr.(5): ” Institusjonen skal, så langt det er mulig og rimelig, legge studiesituasjonen til rette for studenter med særskilte behov. Tilretteleggingen må ikke føre til en reduksjon av de faglige krav som stilles ved det enkelte studium. ”

4.1 Det fysiske læringsmiljøet

§4-3 nr. (2) i Lov om universiteter og høyskoler:

Styret har ansvar for at læringsmiljøet på institusjonen, herunder det fysiske og psykiske arbeidsmiljø, er fullt forsvarlig ut fra en samlet vurdering av hensynet til studentenes helse, sikkerhet og velferd. I utformingen av det fysiske arbeidsmiljøet skal det, så langt det er mulig og rimelig, sørges for

- a) at lokaler, adkomstveier, trapper mv. er dimensjonert og innredet for den virksomhet som drives.
- b) at lokalene har gode lys- og lydforhold og forsvarlig inneklima og luftkvalitet.
- c) at lokalene blir vedlikeholdt og er rene og ryddige.
- d) at lokalene er innredet slik at uheldige fysiske belastninger for studentene unngås.
- e) at virksomheten er planlagt slik at skader og ulykker forebygges.
- f) at tekniske innretninger og utstyr er forsynt med verneinnretninger og blir vedlikeholdt slik at studentene er vernet mot skader på liv og helse.
- g) at lokaler, adkomstveier, sanitæranlegg og tekniske innretninger er utformet på en slik måte at funksjonshemmede kan studere ved institusjonen.

- h) at læringsmiljøet er innrettet for studenter av begge kjønn. i) at læringsmiljøet er utformet etter prinsippet om universell utforming.
- i) at læringsmiljøet er utformet etter prinsippet om universell utforming.

4.2 Det psykiske læringsmiljøet

LMU vil arbeide for at høgskulen har eit fullt forsvarleg læringsmiljø ”...ut fra en samlet vurdering av hensynet til studentenes helse, sikkerhet og velferd”, jf. § 4-3 nr. (2).

LMU ønskjer at studentane blir opplyst om at det er tilbod om psykolog- og sosial rådgjeving som student ved Høgskulen i Volda. Det psykososiale miljøet er ein viktig del av det å være student. Dei tillitsvalde bør arbeide for eit positivt sosialt miljø ved studieretningane, og LMU skal vere eit sikkerhetsnett for dei som eventuelt skulle falle utanfor.

4.3 Universell utforming av undervisninga

Eit godt læringsmiljø i undervisningssituasjonen er også avhengig av at forelesar/lærer har kunnskap om universell utforming, og kan gi alle studentar lik moglegheit til å delta i og følge undervisninga. Dette kan innebære universell utforming av for eksempel:

- studielitteratur
- kompendium
- vurderingsformer
- fysiske forhold i læringssituasjonen (lys, lyd, akustikk med meir)
- didaktikk i læringssituasjonen
- tilgjengelege læringsmetodar
- tilgjengelege emneplanar og studieplanar (jf. Høgskulen sine malar)
- datasystem nytta av studentane

LMU skal bidra til at tilsette og studentar ved HVO får informasjon om universell utforming, og måtar å legge til rette for dette i undervisninga.

5 Strategi for læringsmiljøarbeidet

LMU vil prioritere følgjande tiltak:

- Gjennomføre tiltak i samsvar med Handlingsplan for inkluderande læringsmiljø.
- Arbeide for at Høgskulen i Volda skal gi alle studentar lik rett og høve til å studere, med eit hovudfokus på universell utforming.
- Utarbeide aktuell informasjon om universell utforming for tilsette og studentar.

Vedlegg

- 1 § 4-3 i Lov om universiteter og høyskoler
- 2 Forslag til møteplan for LMU
- 3 Mal for dialogmøte med avdelingane

§ 4-3. Læringsmiljø

- (1) Styret har det overordnede ansvar for studentenes læringsmiljø. Styret skal, i samarbeid med studentsamskipnadene, legge forholdene til rette for et godt studiemiljø og arbeide for å bedre studentvelferden på lærestedet.
- (2) Styret har ansvar for at læringsmiljøet på institusjonen, herunder det fysiske og psykiske arbeidsmiljø, er fullt forsvarlig ut fra en samlet vurdering av hensynet til studentenes helse, sikkerhet og velferd. I utformingen av det fysiske arbeidsmiljøet skal det, så langt det er mulig og rimelig, sørges for
- a) at lokaler, adkomstveier, trapper mv. er dimensjonert og innredet for den virksomhet som drives.
 - b) at lokalene har gode lys- og lydforhold og forsvarlig inneklima og luftkvalitet.
 - c) at lokalene blir vedlikeholdt og er rene og ryddige.
 - d) at lokalene er innredet slik at uheldige fysiske belastninger for studentene unngås.
 - e) at virksomheten er planlagt slik at skader og ulykker forebygges.
 - f) at tekniske innretninger og utstyr er forsynt med verneinnretninger og blir vedlikeholdt slik at studentene er vernet mot skader på liv og helse.
 - g) at lokaler, adkomstveier, sanitæranlegg og tekniske innretninger er utformet på en slik måte at funksjonshemmede kan studere ved institusjonen.
 - h) at læringsmiljøet er innrettet for studenter av begge kjønn.
 - i) at læringsmiljøet er utformet etter prinsippet om universell utforming.

Departementet kan i forskrift gi utfyllende bestemmelser om krav til læringsmiljøet.

- (3) Ved institusjonen skal det være et læringsmiljøutvalg som skal bidra til at bestemmelsene i første og annet ledd blir gjennomført. Utvalget skal delta i planleggingen av tiltak vedrørende læringsmiljø, og nøye følge utviklingen i spørsmål som angår studentenes sikkerhet og velferd. Styret kan tillegge utvalget også andre oppgaver. Læringsmiljøutvalget skal holdes orientert om klager som institusjonen mottar fra studenter vedrørende læringsmiljøet. Læringsmiljøutvalget kan gi uttalelser om disse forholdene. Læringsmiljøutvalget skal gjøres kjent med pålegg og andre enkeltvedtak som Arbeidstilsynet treffer. Læringsmiljøutvalget rapporterer direkte til styret, og skal hvert år avgi rapport om institusjonens arbeid med læringsmiljø. Studentene og institusjonen skal ha like mange representanter hver i utvalget. Utvalget velger hvert år leder vekselvis blant institusjonens og studentenes representanter.
- (4) Institusjonens arbeid med læringsmiljøet skal dokumenteres og inngå som en del av institusjonens interne system for kvalitetssikring etter § 1-6.
- (5) Institusjonen skal, så langt det er mulig og rimelig, legge studiesituasjonen til rette for studenter med særskilte behov. Tilretteleggingen må ikke føre til en reduksjon av de faglige krav som stilles ved det enkelte studium.
- (6) Arbeidstilsynet fører tilsyn med at kravene i annet ledd overholdes. Arbeidsmiljøloven kapittel 18 om tilsyn og tvangsmidler mv. gjelder tilsvarende så langt det passer. Departementet kan gi forskrift med utfyllende bestemmelser om tilsyn og tvangsmidler for å fremme overholdelse av denne paragraf.

0 Endret ved lov 21 des 2005 nr. 121 (ikr. 1 jan 2006).

